

Bokn Bygdablad

Nr. 10 desember 2010 – Årg. 25



Manuspris – s. 8

Barnehagejubileum – s. 4

Julegaveaksjon – s. 16

25
år

www.bygdabladet.no



KJEKT PÅ BOKN





ORDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Budsjett 2011

Budsjettet for 2011 blei vedteke av kommunestyret den 14. desember og var eit fellesforslag frå partia. I driftsbudsjettet er det lagt opp til ei rekkje mindre tiltak, mellom anna innkjøp av utstyr til legekantoret og skifte av stolar i auditoriet på skulen. Vidare held me fram med å utvida opningstida til biblioteket, og opprettheld aktiviteten på musikkskulen. Det er løyvd pengar til nytt flomlysanlegg på Føresvik stadion, og sett av midlar til vidareføring av filmprosjektet som elevar ved Bokn skule har teke del i og som er i regi av Haugaland Vekst.

Elles blir det investert nær 5,3 millionar kroner mellom anna i overrislingsanlegg på sjukeheimen, utbygging av bustadfeltet i Fyrvegen og oppgradering av Føresvik indre hamn. I dei komande åra vil me også gjera store investeringar i vassforsyninga. Det inneber at offentlege gebyr og avgifter må aukast noko.

I Kommuneproposisjonen og Statsbudsjettet for 2011 har Stortinget lagt grunnlaget for den kommunale aktiviteten. Det viser ein grei vekst for kommunesektoren på landsbasis sjølv om media teiknar eit negativt økonomisk bilete. Kommunar over heile landet rapporterer om innsparingar og budsjettkutt.

I forhold til 2010-budsjettet er Bokn sin del er veksten i frie inntekter kalkulert til omlag 1,3 millionar kroner, eller 2,8 %. Likevel inneber ikkje dette nokon realvekst i budsjettet for neste år. Ei hovudårsak er endringane i småkommunetilskottet. Her har fleire kommunar fått ein reduksjon på omlag ein million kroner. Særleg har dette slått negativt ut for dei minste kommunane, ikkje minst Bokn.

Sidan 2005 har Bokn hatt ein eventyrlig inntektsauke. Men etter sju gode år fylgjer ofte sju magre år. Det ser ut for at me må stramma noko inn i tida framover. Bokn får dårlegare tal i 2011 enn for 2010. I forhold til den daglege drifta skal det gå greitt, men det vil skapa utfordringar når me skal til med større investeringar.

Satsing på barn og unge

Barn og ungdoms oppvekstvilkår er avhengig av langsiktige kommunale prioriteringar og god samordning av tenester og tilbod. Barne- og ungdomsarbeid har dei siste åra blitt eit

sentralt politisk satsingsområde i Bokn, og i budsjettet for 2011 fylgjer me opp denne satsinga. Gjennom satsinga på folkehelsekoordinator/Kjekt på Bokn, Filmprosjektet, kulturskulen og biblioteket er det etablert ein flott plattform og eit godt grunnlag for at barn og unge skal trivast i Bokn.

Bokn kommune legg også vekt på eit godt tverrfaglege samarbeid mellom helsestasjonen, skulen og barnehagen. Spesielt helsestasjonen har ei sentral rolle i kommunens folkehelsearbeid. Gjennom helsefremjande og førebyggjande arbeid, i tett samarbeid med skulen, barnehagen og, etterkvart, folkehelsekoordinatoren, vil me ha fokus på både psykisk og fysisk helse og sosiale forhold.

I tillegg er gode møteplassar, slike som biblioteket, bygdakinoen og fritidsklubben Petra, viktige for å sikra eit best mogleg oppvekstmiljø i Bokn. Gjennom målretta arbeid og satsing vil Bokn kommune ivareta og fremja bygda og ungdommen sine interesser. Ved at boknaungdommen vender tilbake til heimbygda etter enda utdanning vil kommunens næringsgrunnlag, omdømme og busetnad styrkast.

Satsing på barn og unge er ein langsiktig og viktig strategi for eit lite samfunn som Bokn. Dette er også viktig for motvirka marginalisering og utstøying ved å fremja brei deltaking, også frå dei svakaste stilte av barn og unge. Lukkast me i dette, blir bygda meir attraktiv for utflytta boknaungdommar.

Medlemskap i Nordsjøvegen

Formannskapet vedtok 30.november å søkje medlemskap i reiselivsselskapet Nordsjøvegen. Dette er eit samarbeidsorgan oppretta av og for kommunane langs kysten i Rogaland og Vest-Agder. Hovudformål er å fremja reisruta frå Kristiansand i sør til Hauge-sund i nord.

Selskapet fremjar reiselivsnæringa i området gjennom felles marknadsføring, produktutvikling og andre fellesoppgåver. Sjølv om Bokn er ein liten



kommune i reiselivssamanheng, er staden likevel eit viktig knutepunkt for reisande i regionen. Kommunen vil difor styrka denne posisjonen, spesielt når T-sambandet og Rogfast er realisert.

Det er naturleg at Bokn blir medlem i familien av Nordsjøveg-kommunar. Der vil Bokn kommune bli marknadsført i mykje større grad enn i dag. Gjennom annonser på fleire språk, stands og brosjyren "Nordsjøvegen" vil me marknadsførast både innanlands og utanlands.

Boknakalenderen 2011

I arbeidet med å laga kalender for 2011 har redaksjonen teke omsyn til innspel i samband med dei tidlegare utgåvene. Engasjementet har vore stort og meiningane mange, men hovudintrykket er at ein ynskjer fleire slike kalendrar. Eit ynskje har vore kalendrar med fleire bilete som er identifiserbare med Bokn og frå alle delar av kommunen. Ein har også tilpassa sjølvve "kalenderiet" slik at dette er meir brukarvennleg. Difor er formatet også justert ned. Resultatet ligg føre med denne utgåva av Bokn Bygdablad. Eg håpar produktet fell i smak.

Eg vil ynskja alle lesarane av Bokn Bygdablad ei fredeleg julehelg og eit godt nytt år.

Ordføreren



Manuspris til Regine Nilsen

Kjetil Hamre

- Du fikk deg litt av et sjokk du Regine.

- Ja, jeg gjorde det, jeg hadde ikke regnet med det en gang. Jeg fikk beskjed om å være med på kortfilmfestival i Sandes lørdag 4. des., og det er jo uansett gøy å få med seg - filmgal som jeg er.

"Usette tårer"

- Vi spiste Dolly-pizza om kvelden og kom til salen der det var mange fine kjoler å se. Hjertet begynte å slå forte-re, for tenk om jeg vant.

Kirsten Bonnén Rask begynte å snakke om manuset som vant, og dette begynte å ligne veldig på mitt. Jeg så på Skjalg Molvær og Solveig Arnesen, og plutselig ble manuset "Usette tårer" av Regine Nilsen lest opp, og da gikk alt i svart.

- Så du brydde deg ikke om at du ikke hadde vært hos frisøren dagen i forveien?

- Nei, nei, nei, sier Regine med et smil. Dette er mitt verk og bare jeg som hadde jobbet med det.

- Det er veldig artig at du som er 15 år kan vinne en så stor pris.

- Ja, spesielt siden aldersgrensen var 16, smiler hun lurt.

På filmcamp så vi "Fish Thank", en film som har vært en stor inspirasjon. Jeg lærte mye av den, som jeg har dratt inn i arbeidet med filmen min. For film skal det bli av manuset.

Kremen av kremen

Det vil bli mitt team jeg skal sette sammen. Premien er mange proffe folk til å hjelpe meg i prosessen. Teamet mitt kunne bestått av mange. Jeg synes det er mange dyktige folk jeg har møtt gjennom filmkurs og lignende, men jeg skal prøve å koke det ned til kremen av kremen.

Jeg har allerede valgt ut Karoline Marø som regiassistent. Ellers har jeg en liste over andre til teamet, men de må ha tid og lyst til å være med, så jeg vil ikke gå ut med flere navn enda, forteller Regine.

Vi skal ha audition for skuespillere, og dette er viktig for å få de rette karakterene inn i filmen.

- Jeg er veldig spent på dette arbeidet, sier hun med et forsiktig smil. Det er helt avgjørende med gode skuespillere for å lykkes.

Lang kortfilm

- Dette er da en lang film til kortfilm å være?

- Ja, sier hun. Manus er ca. 30 sider og det regnes 1 minutt pr. manusside, så den blir ganske lang, mellom 30 og 40 minutter.

- Tenker du bakgrunn og vinkling på foto, eller dialog når du lager mauns? Jeg tenker og skriver ned alt jeg kan komme på som kan ha betydning for filmen. Jeg er ganske sikker på at mye er bra, men har i prisen innlagt seks møter med profesjonelle for stadig gjennomgang av manuset, og det er jeg selvsagt glad for.

Storyboard

Det skal lages et storyboard med en slags tegneserie av filmen for å sikre alle aspekter ved filmen.

- Svirrer det mange bilder i hodet når du skriver?

- Ja, det gjør det, spesielt begynnelsen og slutt. Det må være en rød tråd og realisme i det hele. Det er nesten som å sette sammen puslespill. Miljøet i filmen spilles inn i Bokns rolige "natur" Det er lite forstyrrelser rundt filmen, jeg er litt redd for å trække noen på tærne, men tror det skal gå godt.

Regines regi

- Du startet med sminke og kostymer på kursene, hvorfor ble det regi til slutt?

- Under innspillingen av "Rundt neste sving", fikk vi plutselig ventetid på ni timer. Jeg måtte trå til med en telefon til Dag-Helge Rønnevik for noen latinske navn og rekvisita, og fant ut at det var morsomt å løse slike oppgaver også. Dette med å få ting i hop tok jeg med meg i arbeidet videre.

- Er du kontrollfreak?

- He he, når det er min film, vil jeg i alle fall ha kontroll på ting, sier hun - og det har hun vel all rett til!

- Budsjett er ikke satt opp ennå, hva har du å rutte med, Regine?.

- Skjalg Molvær og Solveig Arnesen er med på dette. Jeg vant jo en medialabb-pakke til en verdi av 90 000 kroner, som skal brukes på manusbearbeidelse og medialaben i Sandnes med redigering, osv. Jeg må søke mer midler til rekvisitter og selve filmingen. (Sponsorer, meld dere, sier journalisten).

Teamet får være med gjennom hele prosessen, og de disponerer en kunstnerleilighet i Sandnes til oppfølging og utvikling av filmen. Filmene gir forhåpentligvis et løft til filmmiljøet på Bokn, det er ikke hver dag film spilles inn her.

- Er kortfilmmiljøet i Norge stort?



Stolt prisvinner med klare mål.

- Det er lite og ofte knyttet til festivaler, men spennede likevel, synes Regine. Filmens min skal i alle fall vises til høsten om alt går som planlagt.

Til avslutning sakser vi et lite utdrag fra juryens beskrivelse av manuset, og ønsker Regine lykke til med premie og regi av egen film!

Juryens begrunnelse

Årets medialab prosjektvinner for 2011 er et alvorstynget drama om bittert ungdomsopprør og vonde familiehemmeligheter. Filmen omhandler de fatale konsekvensene en ung kvinnes valg når hun trosser foreldrenes grensesetting. Hun rettfærdiggjør situasjonen med den brutale overtredelse hun selv har blitt utsatt for i oppveksten. Men verden forblir vanskelig og stopper først opp den dagen den unge kvinnen oppdager at hun har et barn i magen. Et glimt av håp, eller et nytt nederlag.

Fleire vinnarar i Bokn

Ei veke før Kortfilmfestivalen vann Regine, saman med Martin Trosnavåg og Maria Banaszkiwicz eit gavekort kvar på kr. 1.000, til bruk i Haugesund sentrum. Dette fekk dei for flittig oppmøte og engasjement under filmkursa "FILMTALENTER", i regi av Haugaland Vekst.



Barnehagejubileum

Jardar Havikbotn



Fredag 26. november blei det markert at barnehagen i Føresvik er 10 år.

Dei gjekk i tog, song og ropte *Bokn barnehage - hei - hei - hei*, akkurat

Jubileumsarrangement

Om ettermiddagen var det markering med foreldrekaffi og spesielt inviterte gjester.

Noverande styrar, Anne Ottem, ynskte velkommen og gav først ordet til dåve-

vedtaket om å bygga barnehage i 1999 og fram til han stod klar 28. november i år 2000.

Dyktig og kompetent personale

Dåverande ordførar, Svein Ove Alve-



"Hurra for deg" ljomar i Servicetorg-veggane.



Langt tog med barnehagestyrar Anne Ottem i spissen, i korridorane på Boknatun.

som for 10 år sidan. Den gongen gjekk dei frå den gamle barnehagen på Kyrkjebygd. 26. november heldt toget seg i området ved barnehagen, nærare bestemt på Boknatun og skulen - til glede for folk i alle aldre.

rande barnehagestyrar, Jarle Haakonseth. Han gratulerte med jubileet og sa at han sakna Bokn. Det blei latter då han fortalde om at dei for 10 år sidan ville bygga ein barnehage som aldri skulle bli sprengt, noko han hadde for-

stad, sa på opningsdagen for 10 år sidan at Bokn hadde som mål å auka folketalet, og at barnehagen var eit steg i rett retning. June Kro fortalde at



Her er heile gjengen samla utafør huset sitt.

Med like T-skjorter, flagg og fane, var det eit flott syn i kaldt og flott vintervær. Fanen var forresten den same som gjekk i front på opningsdagen 28.11.00, men bildet av gamle Kyrkjebygd skule var bytta ut med eit norsk flagg.

stått at han er i dag. Akkurat det fortel noko om boknasamfunnet. Den tidlegare styraren glede seg til å følgja med kor den nye barnehage-avdelinga skulle byggast.

Varaordførar June Kro, hadde med seg helsing og gåve frå Bokn kommune. I talen sin tok ho for seg historia frå

det sidan den gong har vore eit stadig aukande barnetal, og at stadig fleire småbarnsforeldre i Bokn har behov for det tilbodet barnehagen gir.

- Det er godt å veta at barnehagen har eit dyktig og kompetent personale som ivaretar dei små, sa ho, og la til at Bokn barnehage har eit godt omdømme utafør kommunen.



Jarle Haakonseth var styrar då barnehagen blei bygd.

Gåva frå Bokn kommune var så stor at June Kro måtte ha hjelp av assisterande rådmann, Solrunn Alvestad, som også var blant gjestene. Og jammen kunne ikkje den store pakken gå sjølv også, til enorm jubel frå barn og vaksne.

Det viste seg at vaktmeister Egil Ognøy var den sterke karen under eska. Han hadde med seg eit leikeplassapparat, eit såkalla gyngedyr. Og det tok ikkje mange sekundane før ein av barnehage-ungane testa den populære presangen.

Før kakene skulle sprettast, fekk me eit opptrinn av barnehagebarna. Og

dei gjekk i tog, og frå sikre barnerøyster ljoma det godt i veggane.

Trongt

Styrar Anne Ottem fortalde at bygget i dag husar 45 barn. 32 av dei er på avdelinga med dei eldste ungene; "Bokn Bruse". Over jul kjem to til, som har fått plass. Det står også to på venteliste fram mot hovudopptaket i mars.

Mange barn er samla på "Bokn Bruse", så mange at ei gruppe ofte er på tur slik at det ikkje skal bli så trangt. T.d. på ekstra kalde dagar er det ikkje så enkelt å dra på tur, og då blir behovet for å dela avdelinga i to veldig stort.

Ei ev. tredje avdeling heng saman med andre utbyggingar i kommunen, som t.d. skuleutbygging og fleirbrukshall. Kommuneadministrasjonen er i gong med førebuing av desse sakene, og i følge ordførar Kyrre Lindanger er det venta denne saka kjem opp utpå nyåret.



Stor jubel då ein stor pakke kom gåande inn i rommet. Assisterande rådmann, Solrunn Alvestad, trer støttande til medan varaordførar, June Kro, overvakar det heile. Det viste seg å vera eit gyngedyr til leikeplassen ute.



Snakkesongen "Hei, eg heiter Joe" var eit populært innslag.

Avslutningsvis gratulerte varaordføraren med 10 år i ein moderne og tidsriktig barnehage, og ynskte lukke til med dei 10 neste.

dei slo først til rap'en (snakkesongen) "Hei, eg heiter Joe", før me fekk høyra både "Happy Birthday" og "Hurra for deg". Bursdagssongane hadde dei forresten sunge heile føremiddagen, då



Fargar igjen på Hårsmiå

Jardar Havikbotn

Mona Våga har hatt ein pause på to-tre år i farging av hår. 6. des. var fargekonsulent Marit Iren Espeland frå frisørprodukt-leverandøren Goldwell på frisørsalongen og heldt kurs.

Bokn, for å visa siste nytt om farge-teknikk. Ho reiser rundt og dekker eit område heilt frå Arendal til Trondheim, og synest det er veldig gøy.

Naturprodukt og avsug

Goldwell-dama fortel meg at det ikkje

I dag luktar ikkje fargane så mykje, og Mona har utstyrt salongen med avsug. Den står på heile tida, og kan plasse-rast over hovudet på kunden.

Lang dag

Den erfarne frisøren har nå heldt på heime i 13 år. Før det dreiv ho Hårfixen i Føresvik saman med Anita Grønnestad. Læretida hadde ho i Kopervik.

Ho rekna med at den siste modellen var ferdig i 18-tida. Då hadde ho vore i sving sidan kl. 8 om morgonen.

Eg fekk veta at dei hadde vurdert og blanda mykje fargar, og hadde hatt



FARGEKURS PÅ HÅRSMIÅ: Fv. Marit Iren Espeland, Kerstin Larsen, Mona Våga og Berit Merete Øvrebø under nyinnkjøpt avsug.

- Eg er strålende fornøgd, fortel Mona, medan ho held på med modell nr. sju for dagen, Berit Merete Øvrebø.

- Det har vore kjempekjekt, idéska-pande og lærerikt, fordi eg har fått jobba heile tida, og då lærer eg mykje meir enn om eg berre skulle fått presentert teori og sett på nokre ferdig-farga hår.

Kerstin Larsen sit i stolen ved sida av og ser i speilet at konsulenten har full kontroll. Marit Iren Espeland har sett av heile dagen til Hårsmiå på Austre

har skjedd så mykje nytt sidan Mona slutta med farge, men utvalet har blitt større. Det er særleg ulike naturprodukt som framover kjem for fullt. Mona har m.a. fått inn natursjampo og -balsam og mildare bleikemiddel utan lukt. Langt naturhår, som blir festa med klemmer, er også eit produkt som kjem på Mona sitt repertoar. Neste år kjem naturfargane, utan kjemikalier. Goldwell satsar stort på at fargane skal bli mildare både for frisør og kunde.



Bruk av fargekart og mykje drøfting av hårfargar samt fargeblanding på vaskerommet, var det mykje av på kursdagen.

mange ulike fargar i modellane i løpet av dagen.

- Det har vore stor etterspurnad etter farge og striper, og når eg nå startar opp igjen med dette er det fordi eg ønsker å gi kunden eit meir heilheitleg tilbod. Det er utruleg kor flotte mange frisyrrar kan bli med å blanda fargeeffektar inn, avsluttar Mona med eit smil.



MONA SAMAN MED NØGDE MODELLAR: Fv. Mona Våga, Solfrid Kro, Anita Kro og Natalie G. Våge.

Stor oppslutning om Jul i stallen

Jardar Havikbotn

12. desember hadde Krovågen hestesenter på Austre Bokn juleavslutning for ridekursa som har vore i haust.

Leiar Kari Christensen seier til Bokn Bygdablad at over åtti store og små møtte fram til oppvisning i ridehallen, gymkhana (kappløp med ponny), juleboder og kafekos i løa.

Kro-nissen hadde gøymt seg godt mellom rundballane, men måtte til slutt melde pass for ein horde med ungar på vill nissejakt!

Hestesenteret driv rideundervisning etter Norges Rytterforbunds retningslinjer. Deltakarane får tilbod om å gå opp til "rideknapp-eksamen" frå grad I (nybegynnarar) til og med grad V (konkurranserytter).

- Denne hausten har heile 23 ryttrar tatt forskjellige rideknappprøvar, fortel Kari.

Det seier ein del om den veksande interessa for hest og ridning, og at hestesenteret rekrutterer bra til ryttersporten!



Mari Bokneberg på hesteryggen, øvinga heiter voltige.

Foto: Gunbjørg Skogøy

Bygdeboka treng deg!

Birger Lindanger

Arbeidet med bygdeboka er nå kome seks månadar på fjorden. I løpet av denne tida har me gått gjennom dei viktigaste kjeldene til historia. Det gjeld diplom frå før 1600, det gjeld formueskatt, straffeskatt og vanleg skatt frå 1500-talet. Det gjeld jordebøker og jordbruksteljingar frå 16- og 1700-talet, manntal og folketeljingar fram til og med 1910. Vidare er stort sett heile det kommunale arkivet, ei lang rekkje tidlegare intervju og eit tjuetals avisår-gangar gjennomgått – bare for å nemna noko.

Det kommunale arkivet spenner frå 1850 og fram til dags dato. Her ligg elles ikkje bare kommunestyreprotokollar, fattigstyreprotokollar og skulestyreprotokollar for å nemna noko. Her er også å finna ein del foreiningsprotokollar. Særleg spennande er ei rekkje ungdomslags



Frå eit møte i Bygdeboknemnda: Fv. Reidar Alvestad, Leif Vatnaland, Birger Lindanger, Olaug Hognaland, Arne Øvrebø og Sigvart Våga. Olav G. Larsen var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Foto: Jardar Havikbotn

aviser. Dei startar i 1905, er handskrivne og kommenterer laust og fast av kva som har skjedd i bygda, ofte med ein humoristisk vri.

Å laga ei bygdebok er elles ikkje ein einmannsjobb. Det er nå laga plan for ein omfattande intervjuaksjon der heile bygdeboknemnda deltek som intervjuarar. Vidare vil me også fordela arbeidet med å gå gjennom gamle avisår-gangar. Når det gjeld dette siste, kan

også boknarar flest delta. Sit du med samlingar av avisutklipp frå Bokn, er me svært takksame om me får kopiera dei. Det same gjeld om du kjenner til dagbøker og brev førde av boknarar og ikkje minst foto. **Særskilt er me på jakt etter protokollane til Hognaland bedehus.**

Ta då kontakt med Jardar Havikbotn (9822 1508) eller Birger Lindanger (9206 9228)

Førjulsmiddag på Dagsenteret

Jardar Havikbotn

Det var koseleg førjulsstemning då Dagsenteret hadde julemiddag i Allrommet torsdag 2. desember. "Tysvær-Higrane" stod for underhaldninga.

- Håpar at de kosar dykk og slappar av, for det gjer me, sa "Higrane" før dei starta eit 35 minuttars program, med både gamle slagarar, folkemusikk, dikt- og boklesing og julemusikk. Programmet blei svært bra framført. Trekkspel og gitar akkompagnerte 10 songarar, og samtlege viste stor framføringsglede, som smitta over på publikum.

Innleving

Mange av songane blei også visualiserte, slik at publikum fekk leva seg inn i handlinga. Det slo bra an, og ofte er det veldig lite som skal til for å gjera suksess. Dei aktive pensjonistane frå Tysvær spreidde glede, noko dei sa før opptinet at dei håpa dei ville gjera.



"MARI, DU BEDÅRE": God underholdning av "Tysvær-Higrane".

- Det er det kjekkaste me har vore med på på lenge, sa fleire bebuarar på sjukestova til einingsleiar Marit Hetland etter arrangementet.

Aktivtør på Dagsenteret, Mariann Skjelde, var også godt fornøgd med framsyninga, og kunne etterpå be 24 stk. til bords.

Attføring av leikeplassen i Fyrvegen

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Sigrunn H. Hosaas

Over 20 personar møtte opp då kultursjefen inviterte til dugnad laurdag 13. november.

I to timar i surt haustvær heldt store og små på å tilrettelegga området for nye leikeapparat. Det var imponerende og kjekt at så mange stilte opp og gjorde ein framifrå innsats. Byggefeltet har ikkje velforening, men det er tydeleg at mange som soknar til leikeplassen er interesserte i å bruka det fine leikeområdet.

Ifølge Sigrunn Hole Hosaas har det ikkje vore dugnad på plassen på 25 år, og det hadde grodd skikkeleg til. Heldigvis var motorsag og traktor med tilhengar på plass, så skoginga gjekk unna. Og jammen kom ikkje den gamle sandkassen fram igjen, etter å ha vore ein del av skogen. Det blei køyrt bort fire lass.

Flott trearbeid

Då det blei laga leikeplassar i kommunen på 1980-talet, blei det gjort godt arbeid, og akkurat som i den gamle leikeplassen i Havnavegen-Nord, som nyleg blei opprusta, er enkelte rammerverk og leveggar så solide at dei med litt maling vil fungera godt framover.

Kong-vinter har forseinka prosessen litt, men apparata kjem opp så snart tela i jorda forsvinn og det blir tilfredsstillande monteringsvær.



Her går det unna!



Jammen kom ikkje den gamle sandkassen fram igjen!



Det blei køyrt bort fire lass.

Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr
kan vera med i
serien.
Ta kontakt på
post@bygdabladet.no
Tlf. 98 22 15 08

Ludde

Sven Jøsang

Hei! Eg heiter Ludde og er tre år gammal. Eg har ein lang flott pels som er heilt kvit, utan ein einaste svart prikk. Eg er veldig flink til å stella den fine pelsen min.

Eg bur i Jøsen hjå Sven og resten av familien. Mammen min, Bianca, bur også saman med oss, men ho liker eg ikke så godt sidan ho berre freser og klorer etter meg.

Vanlegvis berre søv eg heile dagane, og då er favorittplassen min på tepet på badet, eller under bordet i stova. Forreften så er eg livredd støvsugaren, når den kjem fram spring eg og gøymer meg oppå kjøkenstolane, og der blir eg heilt til han


er borte.

Om sommaren pleier eg å bli så frykteleleg varm, på grunn av all pelsen. Så i vår blei eg "barbert", det synest eg var kjempeherleg. Som nybarbert var eg ikkje så veldig fin; men etter kvart voks pelsen ut igjen og eg blei riktig flott å sjå på.

Av og til tek eg meg ein tur over på andre sida av vågen, då kan eg vera borte i fleire dagar. Sven og dei må henta meg med bilen, for eg finn ikkje vegen heim sjølv. Når eg kjem heim igjen er eg svært kosesjuk og sulten, og eg tenker at her hos Sven og familien hans har eg det jammen



Neste gong fortel Mari Bokneberg om lammet sitt.


Formannskapet og forvaltningsstyret

Formannskapsmøte 30. november
Sak 087/10 Rassikring i bustadfelt – Øyrenfeltet.

Formannskapet vedtok: : Formannskapet gjev rådmannen fullmakt til å gjera rassikringsarbeid på tomt på gnr 5 bnr 26 som tilhøyrrer Monica og Egil Våga. Arbeidet skal gjerast innanfor ei kostnadsramme på kr 100.000,-.

Sak 088/10 Båthavn – oppføring av steinmur langs indre del av Føresvik Hamn.

Formannskapet vedtok: Formannskapet vedtok samrøystes at indre havn Føresvik slutføres i samsvar med framlegget til vedtak med fylgjande presiseringar:

- Beplantning inn mot veg må vere låg og mest mogleg vedlikehaldsfri,
- Plassen må avgrensast med steinar slik at den ikkje kan brukast som parkeringsplass
- Fyrlykta plasseres i Føresvik indre havn.

Sak 089/10 Bygging av molo for småbåthavn i Hålandssjøen.

Formannskapet vedtok: Formannskapet vedtok samrøystes å be administrasjonen om å arbeide vidare med saka etter prinsippet i alt. 4 i tilleggskdokumentet som ble lagt fram på møtet.

Sak 090/10 Plan for oppgradering av Øvrabøvegen.

Formannskapet vedtok: Bokn formannskap vedtok samrøystes at en i denne omgang ikkje går inn på ein større planmessig utbetring av Øvrabøvegen. Når kommunen har satt av midler til utbetring av Øvrabøvegen skald dette gjerast i samsvar med foreliggjande skisser for avståelse av fri grunn til veg og avtaler mellom grunneigarane.

Sak 094/10 Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond. – Unt. off.

Formannskapet vedtok: Å gi støtte frå kommunalt næringsfond.

Forvaltningsstyremøte 7. desember
Sak 052/10 Retningsliner for vatn og avlaup i naust

Forvaltningsstyret vedtok:
Saka vert utsett.

Sak 053/10 Søknad om konsesjon på erverv av fast eigedom i henh. til konsesjonsloven - gnr. 10 bnr. 7.

Forvaltningsstyret vedtok:
Bokn kommune ved forvaltningsstyret gir Åse Helen Alvestad konsesjon til kjøp av gnr. 10, bnr. 7 i Bokn som omsøkt jf konsesjonsloven §§ 1 og 9 og grunngeving i saksutgreiinga.

Bygdabladet for 20 år sidan

FRÅ NR. 10 1990

Ordføreren har ordet

Dersom me nå i slutten av 1990 ser bakover nokre år trur eg dei fleste vil vera enige med meg i at det har skjedd mange gledelege og positive ting. Ting som kvar for seg kan kallast merkedagar i Bokn si historie.

Går me tilbake til 187 hadde me åpninga av Boknatun med oppstart av sjukestova, mest samtidig starta Bokn fiskemottak opp produksjonen. Det var også dette året det kom skikkeleg fart i annleggsarbeida på det nye veganlegget.

I 1988 kom så åpninga av Fregasundet bru og kontakten mellom Tysvær og Bokn var knytta.

Rett før jul i fjor vart Ognøysund brua teken i bruk og Austre Bokn vart landfast.

Lenge levde me i trua om at me dette året skulle få bru nr. 3 - Boknasundbrua - i bruk. Slik det ser ut nå kan vel neppe dette skje før utpå nyåret.

Men kontakten er knytta, og to-tre veker frå eller til betyr lite i denne sammenheng. Skal eg prøva å gissa om kva som betyr mest for oss i Bokn når det gjeld det nye vegsambandet, trur eg svært mange ville svara brua over Boknasundet.

Det kan vel heller neppe vera tvil om at nettopp dette sundet har skapt store vanskar for kontakten og samkvemet mellom dei to øyane.

Mange har nok hatt bekymringar, og vel også våkenetter for sine nærmaste, som av ymse grunnar måtte kryssa sundet. Det er vel også nærast eit under at det har gått så bra som det har.

Men sjølv om Boknasundet har vore eit hinder, og representerer ein fare vil nok heller ikkje den nye tida vera sorglaus. Me veit alle at bilen og den aukande trafikken vil verta ein større fare for oss nå enn den har vore.

Ein annan ting som eg veit svært mange er opptekne av, er korleis dette vil påverka bygdekulturen vår.

Kan me rekna med at alt vil gå som før? Venteleg ikkje.

Her trur eg det er svært viktig at alle gode krefter arbeider saman for å ta vare på, og vidareutvikla det me vil ha med oss inn i den nye tida me nå går imøte.

Eit kjent og kjært innslag i kvardagen vår til nå har vore ferja "Bokn". Om ganske kort tid vil denne forsvinna, og nok eit kapittel i vår historie er avslutta. Eg vil på alles vegne få takka dei som oppigjennom åra har hatt sin arbeidsdag ombord, for god service og trygg transport. Formannskapet vil seinare markera dette med ei tilstelning .

Dei som driv handel eller annan form for service og tenester her lokalt, vil nok merka sterkare konkurranse utanfrå enn dei før har vore vane med.

Det vil nok krevjast at me er litt patriotar dersom me i framtida skal kunna opprethalda daglegvareforretningane våre. Det er nemleg for seint å snyta seg når nasen er borte, som ordtaket seier

GOD JUL OG GODT NYTTÅR

Eit nyttår me ser fram til med spaning og forventning.

Helsing Leif

Is og is-sikkerheit

Jardar Havikbotn

Er du usikker på om isen er tjukk nok, kan du få låna eit isbor på vaktmeisterkontoret i Bokn kommune.

7. desember blei isboret testa av Arild Ognøy. Fem hol rundt på Boknabergsvatnet fortalde at stålisen var 25 cm. Dvs. nordenden med Grutlå og gassrøyr-traséen var 10 cm, så der bør ein ikkje opphalda seg.

Sprekker er bra

Det er viktig å sjekka heile isflata ein skal bruka, med å laga fleire hol i isen. Sprekker i isen gir også ein god peikepinn på kor tjukk isen er. **Når isen slår sprekker er det eit godt teikn på at isen er trygg.**

Når er isen trygg:

På små vatn/tjørn: 10-12 cm (stålis - hard, gj.siktig is)
Større vatn: 14-15 cm (stålis - hard, gj.siktig is)

Kjelde: Friluftsrådet Vest



Boknabergsvatnet 5. des.

Foto: Kyrre Lindanger

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Nokre av dei gamle uttrykka liknar på kvarandre og gjer at me i farten kan ta feil. Sist var "hyba" eit uttrykk som alle sleit med. Det var ikkje så underleg sidan me forveksla "hyba" som tyder "å sutra" med "å hiba" som tyder "å stå og venta på eller kikka etter noko". Dette inneber at Andor faktisk hadde rett her, og poengsummen hans må oppjusterast til åtte av ti rette. Det vil seia at han erobra delt fyrsteplass med Oddbjørg.

Det kan også sjå ut til at same uttrykket kan ha forskjellige bruksområde. Det gjeld til dømes "å vera litt på letten" som oftast tyder "å vera ikkje heilt edru". Nokre lesarar meinte at uttrykket også kunne tyda "å vera klare til å dra." Me i "Eg seie meg så"-redaksjonen tek gjerne mot fleire slike innspel.

Svara på den førre lista var fylgjande:

- | | |
|------------------|---------------------------|
| 1. Rongstevle | vrang person |
| 2. Transla | herja med |
| 3. Nøben | kresen, nøye |
| 4. Å vera smiren | å vera for søtt |
| 5. Rotla | vasa, tulla |
| 6. Snedden | smart, fin |
| 7. Pikketer | lite grann |
| 8. Slopsa | skvetta over/slurvet kone |
| 9. Slå lens | lata vatnet, pissa |
| 10. Rabalsknude | kjerringknute |



Druse?



Tykkja skittleg?

Teikningar: Elisabet Taraldlien

Denne gongen var det ikkje noko uttrykk som var særskilt vanskeleg. Men me opnar for innspel med omsyn til "rabalsknude". I redaksjonen har me fått oppgitt at det tyder det same som "kjerringknute". Men har nokre av lesarane vore ute for at uttrykket er nytta i andre samanhengar?

I alle fall, her er månadens vinnarar.

På fyrste plass:

Andor Borgenvik og **Sjukestova**, begge med ni av ti rette.

På tredje plass:

Audhild Svensen Alvestad og **Oddbjørg Bokneberg Øye**, begge med åtte av ti rette.

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. Ta hys
2. Allur
3. På fadlande fot
4. Andøva
5. Hibmnaleide
6. Måtting
7. Tykkja skittleg
8. Ukjura
9. Baskje
10. Druse

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 15. januar**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknatun
5561 Bokn

OBS! OBS!

Hugs at det er den samla poengsummen etter eit år som er avgjerande for kven som blir den endelege vinnaren og kan ta mot billetter til cruiset.

I neste utgåve får du rette forklaringar og 10 nye uttrykk.

Gratulerer!

Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Elise Kro Birkeland, 4 år

Me vil gratulera godjentå våras med 4 års dagen som var den 4. des.! Me e kjempeglad i deg!

Stor klem fra mamma og pappa. Mormor hilser også!



Andreas G. Alvestad, 2 år

Me vil så gjerne gratulere go` gutten våres med 2 års dagen 08.12.2010! Masse gla` i deg!

Klem fra farmor, farfar og tante Irene.



Simmen Karoliussen

Me vil gratulera Simmen med dagen den 12.12 Ska sei du vekse te :-)

Hilsen mamma, pappa og Trym



Sander Alvestad var 10 år 15. des.

Gratulere så masse med dagen, kjempeglad i deg.

Klem fra mamma



Sander Alvestad, 10 år, 15. desember

Me vil gratulera den supre onkelen vår med 10 års dagen den 15 desember. Du e toppen!!

Klem fra William og Marielle (pappa, René, Bianca og Ørjan hilse og)



Birgitte Hognaland, 8 år 17. des.

Me gratulere så masse med dagen din.

Hilsener fra Tone, Christian, Madelene og Mathias



Kjære gutten vår, Markus Foss blir 5 år 18. desember

Gleder oss til å ferie dagen med deg.

Store klemmer fra Truls, Joachim, far og mor

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Lodavegen 641 (Gnr 19, bnr 31) er overdradd fra Bjarne Magnus Bjørnsen til Anne Marie Bjørnsen

(09.11.2010)

Overdragelsen omfatter også e.d. i Stavanger kommune

Gnr 9, bnr 14, seksjon 6 er solgt for kr 925.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Jan Roger Mæland

(24.11.2010)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 7 er solgt for kr 925.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Jan Magne Mæland og Reidunn Marianne Surnevik Mæland

(19.11.2010)

Gnr 9, bnr 14, seksjon 14 er solgt for kr 925.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Jan Fredrik Skogland

(12.11.2010)

Kjelde: Statens kartverk

Oppfrisking av kjøreferdighetene dine?

På eit møte i Stavanger nyleg i regi av Norsk pensjonistforbund, vart det frå Statens vegvesen argumentert for at flest muleg tok eit kurs som heiter 65+. Dette kurset skal gi ei god oppdatering av det du lærte den gongen du tok sertifikatet, samt alt det nye som er kome til seinare, t.d. kjøring i rundkjøringar, samt trafikkskilt og generelle trafikkreglar.

Det vart framheva at dersom det melde seg nok deltakarar (ca 15 stk.), kunne det vera muleg å få arrangert kurset i Bokn.

Kurset, som kostar kr. 800,- er kun ei oppdatering, og det er ingen som stryk.

Er du interessert kan du ta kontakt med Leif Vatnaland, tlf. 52 74 83 12.

Kulturkalenderen

Desember

- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletefest på bedehuset kl. 18.00 - Arr.: Frelsesarmeen og bedehusstyret
- 29. Petra fritidsklubb: Romjulskos, Kyrkjebygd kulturhus
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Ny kalender fram til august 2011 blir presentert i blad nr. 1 neste år, som kjem i februar.

Kalenderen vil nok koma på bokn.no i løpet av januar.

Peparkakebygda i Bokn 2010

Tekst: Elisabet Taraldlien - foto: Jardar Havikbotn

Me va tre damer som heilt i starten på november fann på at kanskje det hadde vore knallkjekt om boknarane fekk si eiga Peparkakebygd! Og, utan å tenkje oss noko særleg mykje meir om, sette me i gong med utlysing av konkurranse, der i grunn ikkje berre hus, men og mykje anna kunne vere med i Peparkakebygda.

Innleveringsfristen varte frå 15. november til og med 10. desember. Og de kan tru me var spente på kva respons dette ville få. Smått om senn kom det eine flotte byggverket etter det andre, og dette blei tatt bilde av og lagt ut på kommunen sine nettsider.

Fagjury

Forvaltningsstyret vart tidleg kontakta, om dei ville vere fagjury? Sjølv sagt! Og ein høgtideleg stund vart det 11. desember, då forvaltningsstyret sine representantar skulle foreta vurderinga av alle dei flotte byggverka. Det vart ingen lett oppgåve! Det blei til og med vedtatt ein ekstra pris!

Sundag 12. desember sko det tradisjon tru feirast Lucia på Bokn skule. Ein flott plass å annonsere kåringane av Peparkakebygda sine byggverk. Diplom vart laga på førehand, og dei vart høgtideleg skreve under på av forvaltningsstyret sine medlem laurdag i førevegen. Flotte premiar sko delast ut frå Ottar Borgenvik sine kyndige hender, og det var sikkert nokre spente byggmeistrar rundt om i salen.

Flotte premiar

Tre klassar var representerte dette året: Einsleg, par og familie.

I klassen einsleg var det **Benedicte Mæland** som vann gåvekort på 500.- Ho hadde laga eit fantastisk hus (**bilde øvst**).

I klassen par, hadde søstrene **Hanne Marte** og **Janne Elin Vatnaland** laga ei utruleg flott ferje (**bilde nr. 2**). Dei vann kvar sitt gåvekort på 500.-

I klassen familie, var det **Erik, Annette, Fredrik, Karianne** og **Veslemøy Våga** som vann. Dei hadde laga ein buss (**bilde nr. 3**), og det var nisse i slede der Rudolf (med raud nase) trakk sleden, og trer i all slags størrelsar. For ein detaljrikdom! Gåvekort på 1000.- til dei!

Ekstraprisen gjekk til **Silje D. Aksdal**, ho hadde baka ein traktor! (**bilde nedst**) Gåvekort på 500.- til henne.

Ein må kunne seie at dette blei mykje meir enn kva me hadde håpa på! Tjue fantastiske bygg/bakeverk blei levert til servicetorget! Det må jo berre bli Peparkakebygd neste år også :)

Gro, Linda og Elisabet





Tog, marsj, song & lys

Jardar Havikbotn



Desember og adventstid er tida då mange barn er på farten med lys og song, gjerne i tog eller i nissemarsj, ute eller inne, - for å spre glede, for seg sjølv og andre.

2. desember gjekk 1.-7. kl. ved Bokn skule nissemarsj i dei to siste skuletimane. Lærar Jorunn Schmeichler fortel til Bokn Bygdablad at dei aller fleste hadde nisseluer på seg. Dei store hadde litt ekstra ansvar for dei små, og flinke var dei. Elevane gjekk ein runde i bygda. Dei gjekk rundt julegrana og song ved Boknatun, svarte på spørsmål ved kyrkja. I Alvestadkroken fekk dei saft og kaker, og dei song fleire songar i Føresvik. Alle fekk ei fin nissemedalje då dei kom i mål. Prosjektet var eit samarbeid mellom skulen og Bokn idrettslag.

10. desember avvikla Bokn barnehaage sitt tradisjonelle lanternetog. Mange i Bokn har sunge: "Her går jeg med min lanterne, og min lanterne med meg" opp gjennom åra, og det har den same gode verknaden på folk kvart år. Den andre fredagen i julemånaden var det sjukestova som fekk besøk. Då ungane gjekk ut igjen, hadde dei fått kvar si mandarin.

12. desember gjekk Bokn musikkorps sin Luciafest av stabelen, og tradisjonen tru sørga fjerdeklassingane for å setta den rette stemninga i starten av festen.

13. desember var 1. klasse på vitjing på Boknatun. Frå Servicetorget kom det rapport om at dei var kjempeflinke å synga, og dei sette stor pris på besøket. Det er utruleg koseleg med slike besøk!

13. desember om kvelden gjekk fv. på bildet, Gina Johannessen, Ida Havikbotn og Kristina K. Hanssen Lucia-tog frå sjukestova på Boknatun til Havnavegen i Alvestad Sør. Tidlegare på dagen hadde dei baka over 50 lussekatter, som dei delte ut i dei husa som blei besøkte. Dei kunne fortelja om at dei hadde blitt tatt godt i mot.



Nissemarsj 02.12
Foto: Elisabet Taraldlien



Lanternetog 10.12



Luciafest 12.12 - Foto: ET



Luciatog 13.12
Foto: Elisabet Taraldlien

Julegåveaksjonen 2010

Elisabet Taraldlien

Me starta ein innsamlingsaksjon i år og, der julegåvene blir sende til same plass som i fjor, Ukraina og Korosten. Informasjon om aksjonen blei distribuert til alle ungane på skulen, me hadde annonse i Bokn Bygdablad og på bygdabladet.no. Bokn barnehage fekk og informasjon.

Nytt av året, var at eg og Annette fann ut me like godt kunne starte mottak for ikkje berre julegåver, men og sekkar med det folk hadde til overs av både klede, dukar, pledd, gardiner, handkle og mykje, mykje meir! Det starta i august 2010.

Me må jo innrømme me var spente på responsen, og etter kvart fann me ut at givargleda på Bokn er det ingenting i veien med. Folk kom med sekkar opp til Kyrkjebyggd kvar onsdag, og det blei snart trangt om plassen! Siste innspurt i desember, gjorde at me måtte forsikre oss om at Vidar Akselsen, leiar i THK stiftinga, hadde stor nok bil med seg, når han skulle hente sekkene her på Bokn. Me fekk forsikring om at han skulle få alt med seg.

90 sekkar og esker

Måndag 29. november kom, og me sto klar på Kyrkjebyggd for å hjelpe til med innlastinga av alle sekkene. Då Vidar Akselsen kom, hadde han ein stor hengar med seg, så alt skulle få plass. Akkurat den dagen var det klårvær og ganske kaldt ute, men me blei gode og varme av all beringa. Det var nemlig 90 sekkar og esker i alt! Og trur du ikkje me måtte til med å laste inn i bilen til Vidar Akselsen og, for hengaren blei full!

Dette var utruleg gøy, og me veit at alt som blir sendt ned til Ukraina, det blir godt motteke. Eg spurde om det var mogleg å få tak i nokre bilete frå utdelinga av julegåvene, og Vidar Akselsen meinte at det måtte la seg gjere. Eg håpar då at eg kan kome tilbake med ein reportasje med bilete frå dette.

Stiftelsen THK

Då me vel hadde fått alt i hengaren og i bilen, snakka me litt meir om sjølve plassen alt blir sendt til. Det er ein fast tilsett mann som tek i mot, og hjelper



Den store hengaren til Vidar Akselsen blei full og me måtte laste inn i bilen.

til med å fordele alt som kjem. Han skal vitje Noreg i mars, og då kan me kanskje få besøk av han til Bokn! Samstundes avtalte me med Vidar Akselsen at han kunne ta turen ut til Bokn, syne film og bilete frå arbeidet som stiftelsen THK driv med, og fortelje frå alt det arbeidet som blir gjort. Dette håpar me kan skje allereie i januar, så følg med! Det kjem oppslag om dette!

Me nyttar anledninga til å takke alle som har gitt sekkar med klede, gåver og elles utstyr! Det kjem utruleg godt med!

Nye innsamlingar

Eg og Annette har bestemt oss for at dette vil me fortsette med. Det betyr at det er berre til å samle inn i nye sekkar, så tar me så gjerne i mot. Me snakka med Akselsen om dette, og han seier at han gjerne kjører ut til Bokn og hentar når det fyllest opp hjå oss.

Helsing Elisabet og Annette



90 sekkar og esker i alt. Julegavesekkene er raude og er pynta med julekort.

Innbrot på Austre Bokn bedehus

Natt til 16. desember blei det gjort innbrot på Austre Bokn bedehus. Gjerningspersonen har truleg tatt seg inn i fyrste etasje ved å kasta ein stein gjennom vindaug i døra inn til kjøkkenet. Det var rota rundt inne i bedehuslokala, og skuffer og skap stod på vidt gap då innbrotet blei oppdaga tidleg på morgonkvisten. Det var forbipasserande som melde frå om innbrotet. Det blei stole eit par høgtalarar og eit TV-apparat frå staden. Saka er meldt til politiet. Same natta blei det også meldt om innbrot i lokala til Pedersen Logistikk i Slättevik. Politiet veit ikkje førebels om det er nokon samanheng mellom desse hendingane.



Gjerningspersonen tok seg inn gjennom kjøkkendøra i fyrste etasje.

Ei koseleg førjulsstund

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Elisabet Taraldlien

For mange boknarar høyrer Luciafesten med til førjulsstemninga, og dei aller fleste stolane rundt dei 30 borda som Bokn musikkorps hadde sett opp, var opptekne då festen blei avvikla 12. desember.

Dei som hadde forventa ein tradisjonell kveld, blei ikkje skuffa. Festen har lik struktur kvart år, men ofte med forandringar og nye moment, som også skapar nye forventningar for oss som jobbar bak kulissane.

4. klasse gjennomførte eit flott **Lucia-opptrinn (sjå s. 14)** før konferansier og korpsformann, Odd Grønnestad, ynskte velkommen og introduserte skulekorpset, under dirigent Lillian Grønnestad (**øvste bildet**). Sjølv om dei for tida berre er åtte stk., gav dei lyd frå seg så ein skulle tru dei var dobbelt så mange. Me fekk høyra tradisjonelle julesongar og "The Water Is Wide" til slutt.

Aspirantane gjekk på scenen etterpå, eittårs- og toårsaspirantar. Dei presenterte tonar frå lærebøkene sine, og viste oss at dei er på rett veg mot skulekorpset. Instruktørar her er Charlotte Grønnestad, Ingunn Grønnestad og Wenche L. Havikbotn.

Som i fjor framførte Kristina K. Hanssen og Ida Havikbotn to songar. I år song dei Odd Nordstoga sin Luciasong, "Santa Lucia" og Stevie Wonder sin julesong, "Someday At Christmas".

Ordførar Kyrre Lindanger heldt ein helsingstale. Han sa at det var med blanda kjensler han tok ordet den kvelden, med tanke på at ein familie på Alvestad var blitt huslause tidlegare på kvelden i ein **brann (sjå s. 18)**. Ei spontan kronerulling av medkjensle kom også i stand seinare på kvelden. Det kom inn over 5.000 kr.

Damekor

Etter matøkt, bordkonkurrans og trekningar, var det klart for premiar til vinnarane i **peparkakebygda (sjå s. 13)**. Viktig for kulturlivet i bygda er det at Anne Tove Øvrebø (dirigent og pianist) etterpå kunne presentera eit nystarta damekor (**bildet i midten**). Opptrinnet var det første til koret, og me fekk høyra "En stjerne skinner i natt" med Natalie G. Våge som flink og sikker solist.

Det er nesten 20 år sidan underteikna slutta med vaksenkor i bygda, så det



var på tide me fekk høyra organiserte vaksenstemmer musisera saman att. Eg håpar at koret veks seg større og gir oss fleire musikalske augneblink framover.

Allsong og "Da Capo"

Nytt var det også at Bokn Brass/Rustne Horn hadde heilt nye julenoter på repertoaret, øvt inn på vel ein månad. Med underteikna som dirigent framførte korpset m.a. aktuelle "Himlen i min famn" av Carola Häggkvist, som stod på scenen i Tysvær Arena og song den flotte julesongen to

dagar før Luciafesten.

Publikum blei inviterte til å synga med i potpurriet "Prøysens Jul" (**nedste bildet**), som bestod av fire kjente songar av Alf Prøysen. Og jammen blei det ikkje "Da Capo" også ("frå byrjinga").

Du skal ikkje sjå bort i frå at det blir Prøysen-allsong neste år også...

Til avslutning song alle "Deilig er jorden", under leiing av Daghild G. Alvestad, som akkompagnerte alle allsongane i ei koseleg førjulsstund.

Fra barnemunn Små endringer i juleevangeliet:

I gamle dager surret de sammen Jesusbarnet med en slags bandasje og masse strikk. Så svørte de ham rundt.

De var så kristne at de smilte hele tiden.

Josef ble far til Jesus Kristiansen i en grisebinge uten at noen visste om det. Først visste han det ikke selv engang.

Til slutt fikk han vite det av en engel som tilfeldigvis fløy forbi. På den måten begynte den oppvoksende slekt å vise seg.

Kilde: Internett

"Ein gong, - og ikkje meir"

Ei førjulstragedie i Våga anno 1626

Birger Lindanger

Ovanom austre breidda av Kallaberg-vika ligg Uburshidlaren. Kjell Kro fortalde at namnet kom av at dei i utgamle dagar la uynskte born der. Bakken under hellaren var slik at han skrâna mot sjøen slik at dei lett trilla utfor. Heilt inn på 1900-talet blei det fortalt at folk høyrde barnegråt frå hellaren, det var dei små som græt fordi dei var udøyppte, heitte det. Stundom kunne dei høyra grâten på Ogn. For å få slutt på uvesenet, kunne dei seia.

*"Kari eller Jon,
Eg døyper deg på ei von"*

Det skulle stogga grâten.

Men stundom var det ikkje born som gret. For om lag hundre år sidan var det ei kone som gjekk seg vill i tjukk skodde på austsida av Austre Bokn. Ho rota seg heilt nord til Ognasundet, fall og brekte foten. Der blei ho liggjande og skrika så dei høyrde henne heilt over til Ogn. Der var dei usikre på kva som skreik. Det blei sagt at nokre var uvisse på om det var uburen som remja. Andre trudde det var ein båt som ropa etter los. I alle fall våga dei ikkje å koma til assistanse. Men sistpå blei ho berga ned til Kallabergvika og folka der.

Denne sørgjelege tradisjonen har bakgrunn i faktiske hendingar i ei tid då lov og dom var annleis enn i dag. Det var ei tid då det var dødsstraff for syskenborn som var i lag på syndig vis.

Kring 1590 tok Johannes Ivarsson og Johanna Sikstensdotter over som husbondsfolk på Nora Våga på Austre Bokn. Bygda hadde på langt nær kome til hektene etter Svartedauden og pestene som fylgde. Difor bruka dei to heile Nora Våga âleine. Dei var driftige og velståande. Johannes bygde seg ei god smie og laga reiskap både til seg og andre bønder i grannelaget og dei hadde stemd opp Buarvatnet innanfor Halvardsvika på Vestre Bokn der dei kunne mala eige korn. Han âtte borse og båt og dreiv både jakt og fiske. Her var nøgda av både sylv, gull, reie pengar og ikkje minst varme dun-dyner der dei heldt varmen i kalde vinternetter.

Garden var vid, og dei laut ha arbeids-hjelp til å makta med han. Difor festa dei bra med tenestefolk – både tri og fire visst. Tenestefolka låg i ei bu for seg. Fyrst på 1620-talet festa dei også syskenborna Einar og Åse som dreng og tenestejente. Vinteren 1626 skjedde det at dei to syskenborna i kalde netter heldt varmen under same fellen.



Etterpå trega Åse.

Teikning: Eva Gjerde

Utover sommaren tok magen til Åse til å veksa. Sjølv om ho prøvde å skjula han, var det klart for folka i Våga at det var komen "ein flekk på ho Fagrei" som det heitte når ei gild jente var komen i "ulykka". Dei var elles klar over kva straffa var for slikt, og skjermâ Åse.

Men magen voks. Utpå haustparten delte Åse bua med tri andre kvinner, mellom dei Berit Hansdotter her frå Våga og Kirsten Persdotter frå Øvrabø. Midt på natta til søndag 5. november brâvakna Berit og Kirsten av eit spedbarnskrik – ein gong og ikkje fleire. Dei kasta av seg fellen dei låg nakne under og fekk etter kvart tend lys. Sidan vekte dei ei jente til som låg i bua og saman fann dei fram til Åse og spurde kva som var tids. Etter som dei sidan forklara for retten, forsikra Åse dei då om at alt var i orden.

Men under fellen gøymdde ho det nyfødde spedbarnet sitt. Då det grydde av dag søndags morgonen, møtte Einar opp ved barselsenga. Ho tok bort fellen slik at Einar såg kva som var skjedd. Sidan tulla ho den vesle kroppen inn i eit gammalt plagg, spente beltet sitt kring det og gav bylten til Einar "til forvaring" som ho sidan sa.

Einar drog til heis, til ein stor stein han visste om. Under steinen var det ei hule som han plasserte barnet sitt. Det heile hadde kanskje gått av utan farlege konsekvensar for det unge paret. Heile øya visste kva conse-

kvensane ville bli om dette skulle lekka ut.

Einar skjulte ikkje bylten godt nok. Alt måndags morgonen kom nokre framandfolk gåande på vegen over heia. Brått blei dei var den vesle under steinen. Dei gjekk bort til, opna opp og såg til si forskrekking at det var eit livlaust spedbarn. Mette, kona til ein bergenskremer, eksaminerte det vesle liket. Då såg ho at "da waar halsen Sønder paa det". Barnet var altså drepe før det blei lagt under steinen.

Så blei saka meld til lensmannen og lensmannen melde frå til futen. Åse og Einar blei henta, og måndag 20. november blei det halde ting i Gismarvik. Her var det ikkje nåde. Fyrst hadde dei lege i lag utanfor ekteskapet, dei hadde utøvd blodskam og attåt teke livet av barnet. Dommen kunne bare bli ein. Dei hadde forbrote "fæ och fred, Land och løseøre og Deris Liff til med", dei blei dømde til døden.

Denne tragedien blei skriven ned. Men det skjedde at foreldre greidde å halda skjult tilsvarande hendingar. Kring 1890 leika nokre born i ein hellar i fjellet aust for tunet på Særa Våga straks i skiftet med Norda Våga. Då gjorde dei eit grufullt funn: beingrinda av eit lite barn hylla i ei strieskjorte. Men ingen, korkje gamle eller unge, visste noko meir om kven det var og koss det var kome dit.

Kjelde: Tingbok for Ryfylke, 1626, Statsarkivet i Stavanger

Hus brann ned til grunnen på Alvestad

Jardar Havikbotn

Brannvakta i Haugesund fekk melding frå naboar om ulmebrann i ein bustad på Alvestad søndag 12. des. kl. 16.35. Bokn brannvesen, lokal ambulans og politiet møtte på staden, men då var huset allerede overtent.

Brannvesenet starta straks sløkkearbeid, m.a med vatn frå Boknabergsvatnet, men kunne ikkje hindra at huset brann ned til grunnen.

Det var aldri fare for at brannen skulle spreia seg til andre bustader, men brannvesenet var ein periode redd for at brannen skulle spreia seg til eit skogholt bak huset. Haugaland Kraft blei kalla ut for å ta hand om ei kraftline som fall ned like ved huset.

Huseigar bortreist

Eigar av huset var bortreist då brannen starta, men vedkommande blei orientert om den triste hendinga. Det oppstod verken skader på menneske eller dyr i samband med brannen. Bustaden skal ha vore under oppussing. Politiet opplyste til Bokn Bygdablad at det ikkje er mistanke om at brannen er påsett.

Ved 2200-tida søndag kveld var huset



Huset brann ned til grunnen.

Foto: Privat

nedbrent.

16. desember sa lensmann Racin Tjøsvoll ved Tysvær lensmannskontor til Bokn Bygdablad at kriminal-

teknikarar frå Haugesund politistasjon har vore på åstaden og etterforska brannen som ein vanleg husbrann. Dei har ikkje funne brannårsaka enno.

Arkeologiske undersøkingar

Jardar Havikbotn

I samband med den nye vegen frå Føresvik til Knarholmen, foregjeikk det i slutten av november undersøkingar av arkeologar frå Rogaland fylkeskommune.

- Me fann ingenting, seier arkeolog Angunn Skeiseid til Bokn Bygdablad.

Saman med kollega Sikke Viste leita ho etter forhistoriske spor på begge sidene av vegen på Alvestad. Etter at matjorda var skrelt av, såg dei (hovudsakleg) etter kokegroper og stolpehol frå bronsealder og jernalder. Eventuelle funn har ein mørkare masse enn undergrunnen.

- Det er flott at Rogaland fylkeskommune kunne prioritera dette prosjektet og få utført desse gravingane ganske kjapt - noko som er viktig for framdrifta av vegprosjektet, slik at planprosessen ikkje stoppar opp, seier ordførar Kyrre Lindanger nøgd i ein kommentar.



ARKEOLOGAR I BOKN: Tv. Angunn Skeiseid og Sikke Viste. I gravemaskinen, Odd Grønnestad.

Foto: Kyrre Lindanger

Fra barnemunn Små endringer i juleevangeliet:

Og de måtte bare spise korn, for de hadde ikke noe annet. Dessuten hadde ikke dyr det bedre enn mennesker på

den tiden.

Maria var gift med Josef, men så ble hun gravid med en fallende engel. Derfor måtte de kjøre eselet helt de kom til et ungdomsherberge. Men der fikk

de ikke komme inn. Til slutt måtte de bo i en gammel, råttne låve som en eller annen bonde eide, og Jesusbarnet måtte ligge oppi en skål mens eselet fremdeles stirret på ham.

Kilde: Internett

Kommunale gebyr for termin 2 i 2010

Viktig melding til alle husstandar i Bokn:

Bokn kommune hadde ei omlegging av faktureringa for kommunale avgifter i juli 2010, men på grunn av problem med ein ekstern leverandør har vi dessverre ikkje fått dette i drift.

Dette har ført til at kommunen ikkje har fått sendt ut rekningar for dei kommunale avgiftene for 2 termin i 2010. Vi beklagar dette svært mykje, men det har vore uråd å få dette til.

For at ikkje denne rekninga skal kome i dei vanskelege månadene desember og januar, vil vi i staden sende ut 3 rekningar i 2011, i februar/mars for 2 termin 2010 og deretter mai og september for termin 1 og 2 i 2011.

Dersom du har problem med denne ordninga, ber vi om at du tar kontakt med økonomisjef Solrunn Alvestad, tlf. 52752502.



Bokn bibliotek har ope
måndag 27. des. kl. 16-19

Ny saksbehandlar på teknisk

Jonny Hetleflåt byrjar som saksbehandlar i seksjon teknisk 1. januar 2011.

Bokn Bygdablad vil koma tilbake til ein presentasjon av den nye medarbeidaren utpå nyåret.

Vikar i barnehagen

Bokn barnehage treng ein vikar i 100% stilling heile januar.

Interesserte kan ringe og snakke med Anne eller Silje på telefon 52752570/75.

Kommunal leilighet til leige

Det er ledig kommunal leilighet i Føresvik frå ca. 1. februar 2011.

Leiligheten har stove, kjøkken, 2 soverom, bad/wc, vaske-rom og boder.

Husleiga er for tida kr.3.320,- pr. mnd.

Søknad kan sendast til Bokn kommune innan 15. januar 2011.

Lys i sansehagen

Kyrre Lindanger

I november blei det montert 7 nye stolpelys langs gangstien i sansehagen ved Boknatun. I tillegg til å lyse opp vegtraséen i området vinterstid, skapar lysarmatura også ei flott ramme og atmosfære rundt anlegget og Boknatunområdet.

Etter planen skal det også monterast armatur som skal lysa opp bruene. Arbeidet med sansehagen tok til vinteren 2009 då bekken gjennom området blei steinlagt og ein sti blei opparbeidd og asfaltert. Sansehagen skal utviklast over tid, og meir innhald kjem på plass etterkvart.



Foto: Kjetil Hamre

Nye gatelys ved Håklepp

Kyrre Lindanger

I desse dagar jobbar Haugaland Kraft og Vassbakk & Stol med å leggja ut ny straumkabel langs E39 ved Håklepp på oppdrag frå Statens vegvesen. I samband med dette arbeidet blir det satt opp nye gatelys langs E39 frå Håklepptunnelen til Ognasundet bru. På nyåret held arbeidet fram med å montera fleire lysarmatur og nye vifter inne i Håklepptunnelen.

Dette arbeidet er eit av fleire tiltak for å betre trafikktryggleiken langs E39 over Bokn. Området ved Håklepp er spesielt ut-satt då det både er mykje hjort som kryssar vegen ved utløpet av tunnelen, i tillegg til at det er utkjørsel frå landbruksveg og rasteplass på dette vegstrekket. Midlene til sjølv tunnelarbeidet er løyvd over sekkepostiltak for trafikksikringstiltak i Transportplanen for Haugalandet. Prosjektet har eit kostnads-overslag på 5,4 millionar kroner.





Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeister tenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og Elisabet Tarald-
lien (40 41 65 15)



KROVÅGEN
HESTESENTER - BOKN

- Lørdagsleir 15. januar kl. 11-17.
- Nye ridekurs for store og små starter i februar.
- Aktiviteter i skolens vinterferie, rideleir i påsken og sommerferien.
- Tilrettelagte aktivitets/treningstilbud for funksjonshemmede.
- Ny ridehall, og i januar kommer klatreveggen!

Ta kontakt for mer informasjon, avtaler og påmelding!

Nettsider: www.kro-hest.no

Epost kachris@online.no, telefon 91120801 (Kari) - 95114786 (Olav)

Vi ønsker våre elever/kurs/leirdeltakere og samarbeidspartnere en koselig julefeiring og et f(h)estlig nytt år!

Kari Christensen og Olav G. Larsen



coop
marked

COOP MARKED BOKN

coop
marked

DVD

100 forskjellige titler
Nyheter hver onsdag

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Jakten på helsens kilder

foredrag med Per Fugelli.

Bokn skule torsdag 3. februar kl. 1900.
Billetter kr. 150, kjøpes på Coop Bokn.

Arr.: Bokn Næringsforum

(Sjå også siste side, red.anm.)

**Bokn Bygdablad ynskjer alle
lesarane sine ei riktig god jul og
eit godt nytt år!**

4.000 kroner i skattelette og bankens beste rente!

BSU er det beste sparetilbudet for deg under 34 år. Med sparing i BSU får du både høy rente og skattefordeler. Spar inntil 20.000 kroner pr. år og få inntill 4.000 kroner i skattelette.

Les mer og start sparingen på www.sr-bank.no/bsu.



Oppgradering av Sunnalsstraumen bru

Birger Lindanger

Statens vegvesen utførte naudsynt rehabiliteringsarbeid på Sunnalsstraumen bru i midten av desember.

Mellom anna blei sjølve bruaplata frå 1957 skifta ut, og det er satt opp nytt rekkverk. Som fylgje av dette arbeidet blei innbyggjarane på Jøsenlandet øybuarar for fyrste gang sidan 1871. I ein periode på fire dagar var det ikkje høve til å kjøre over Sunnalsstraumen med bil. Skulle ein kryssa kanalen, skjeddde dette ved hjelp av ei midlertidig gangbru på sørsida av brukaret.

Frå gammalt sa dei "sør i øyane" og meinte Jøsen og Loden. I vikingtida sto sjøen her kring halvannen meter høgare enn i dag. Det innebar at Jøsen var skild frå resten av Vestre Bokn av Sunnalsstraumen og Loden var skilt frå Jøsen av eit grunt sund der det i dag er eit lågt eid. Etter kvart steig landet, men ved stormflo manglar det framleis lite på at ikkje sjøen vaskar heilt over mellom Loden og Jøsen.

Sunnalsstraumen var fram til 1871 ganske grunn. Men midt på 1800-talet kom det svære innsig av sild både sør for Bokn og inn Karmsundet. Dei gamle sildabåtane var små, titt 25 – 30 fot. I surt vær kunne det vera farleg å segla sør om Loden for å koma mellom Karmsundet og Boknasundet. I 1871 bygde difor Statens Havnevesen ein kanal gjennom Sunnalsstraumen til hjelp for sildefiskarane. Men kanalen var så djup, at dei også laut leggja ei enkel trebru over. Ho var så høg at små skøyter kunne smetta gjennom når dei la ned masta.

Denne trebrua gjorde nytta fram til i



14.12.: "Mesta" utførte arbeidet. I forgrunnen ser ein den midlertidige gangbrua.



Ordførar Kyrre Lindanger (i svart) og Frank Laugaland i Statens vegvesen føretok den offisielle opninga av brua i snøbyger 16. desember.

1906. Då blei den gamle brua erstatta med ei enkel klappebru. I 1923 blei vegen til Sunnalsstraumen bygd vidare til Jøsen og i 1928 blei det sett opp ei ny vippebru. Ved dei tider var det ein heil liten strandstad ute på Ådnaneset, kring 60 menneske budde her på det meste. Men ein ulempe her ute var ein bekk som var strid å koma over når det var flaum. Så blei den gamle brua slept hit slik at skuleborna frå Ådnaneset skulle koma seg på

skulen.

Den nye brua blei etter kvart mykje nedsliten, ikkje minst under krigen og aktiviteten på festninga. I 1957 blei ho så erstatta med den faste betongbrua som altså låg til i 2010. Det var elles ein heil diskusjon om kor høg den faste brua i 1957 skulle vera. Det enda med at ho av omsyn til handelen i Sunnalsstraumen blei bygd lågare enn det som opphavleg var tenkt.

Bokn Bygdablade

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidar: Annette Bokneberg

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar (netto)

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 50,-
Fast-/fargeann.	etter avtale

Foto, omslag:
Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Peparkakebygda - sjå s. 4

Foto: Jardar Havikbotn

Næringsliv

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.
Pris pr. dag kr. 100,- + moms
for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Div. tenester på Boknatun, m.m.

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker. Opningstider 08 – 15.30. Telefontider 08-11 og 13-14. Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treg du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef



HÅRSMIÅ



Velkommen til Hårsmiå

Hårsmiå har fått inn topchic- og colerancefarger
Helsevennlig blekepulver uten amoniakk og lukt

Kveldsåpent før jul
Åpent onsdag i romjulen

Ønsker alle en god jul og et godt nytt år

Julehilsen fra Mona på Hårsmiå

**52 74 86 47
46 44 29 20**

HELSESTØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredagar kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken, m.m.

For å avtala tid, ring **94 14 47 35** - helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren.

- **Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.**
- **Minstepris kr. 100,-**

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: **52 75 25 10 - 52 75 25 11**

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling
tlf. **52 74 83 98/99 70 74 28**

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut



Bokn bibliotek

Opningstider:

Mån. 16.00 - 19.00 (Prøveordning 2010)
Tys. 09.00 - 13.30
Ons. 16.00 - 19.00
Tors. 09.00 - 13.30

Per Fugelli

Døden, skal vi danse?



Per Fugelli har arbeidet som distriktslege i Lofoten og i Finnmark i seks år. I 1984 ble han professor i allmenntilleggsmedisin i Bergen, og siden 1992 er han professor i sosialmedisin ved Universitetet i Oslo.

Både som forsker og aktiv deltaker i samfunnsdebatten har professor i sosialmedisin og forfatter Per Fugelli vært opptatt av hvordan fordeling av makt og goder i samfunnet påvirker menneskers helse. Professoratet i sosialmedisin har han gjort til en talerstol, der han er lydforsterker for mennesker som maktene herser med.

Med bøker som *Rød resept*, *0-visjonen* og *Nokpunktet* har han bidratt til refleksjon og diskusjon og samtidig ført glede og toleranse inn i helseopplysning og folkehelsearbeid. Om sin egen kreftdiagnose har han vært åpen, og i boka *Døden, skal vi danse?* deler han sine tanker og erfaringer som syk og utfordrer oss til å gjenopplive døden.

I oktober i år fikk Per Fugelli Karl Evangprisen 2010. Prisen ble tildelt ham bl.a. for hans uredde engasjement i samfunnsdebatten.

Møt Per Fugelli!

Den 3. februar 2011 kan du møte Per Fugelli. Bokn Næringsforum har invitert ham som gjest til sitt årlige stormøte.

Det er mulig å kjøpe signerte bøker på møtet fra Aksdal Bok & Papir.

Bøkene vil allerede nå være til salgs i Aksdal Bok og Papir!



UNIVERSITETSFORLAGET